

TITTELBLAD

MØTEBOK FOR LOM FJELLSTYRE

Møtedato: 18. desember 2023

Møtestad: Norsk Fjellsenter

Desse var til stades på møtet:

Faste medlemer: Frikk Kolden, Svanhild Lyngved Solheim, Kjell Brandsar, Sigrun Garmo, Svein Marstein

Varamedlemer: Ketil Gutubø

Andre:

Sekretær Åsmund Galde

Eilev Hellekveen

Saker som vart behandla:

Sak nr./år: 37/2023 – 46/2023

Underskrifter:

Vi stadfestar med vår underskrift at det som er ført i sakene 37/2023 – 46/2023 er det som vart vedteke.

Utskrifter:

Hovudutskrift av protokoll går til:

- ✓ Fjellstyremedlemmane
- ✓ Lagt ut på Lom fjellstyre si heimeside www.lom-fjellstyre.no

<i>Sak nr.:</i>	37/2023	<i>Arkiv nr.:</i>		<i>Møtedato:</i>	18.12.2023
<i>Saksbehandlar:</i>	Åsmund Galde				

Godkjenning av innkalling og sakliste

Sakspapir:

- E-post til fjellstyremedlemmane 11. desember - Innkalling til fjellstyremøte

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes.

Sak nr.:	38/2023	Arkiv nr.:		Møtedato:	18.12.2023
Saksbehandler:	Eilev Hellekveen				

Referat og meldingar..

- A. 231016 e-post frå NFS-innsamling av plast i fjellstyrenes områder-primært i form av utrangerte båter
- B. 231016 e-post frå Jotunheimen NP-kopi av brev-delegert vedtak-Jotunheimen nasjonalpark-despensasjon-2024-2027.Besseggløpet-Besseggen fjellpark
- C. 231023 e-post frå Jotunheimen NP-referat-rådgevinge utval for Jotunheimen og Utladalen-Fjordstova, Skjolden i Luster måndag 25.09.2023
- D. 231030 e-post frå DNT Oslo og omegn-varsel til grunneiere om merking av rute i fjellet sommeren 2024-Gjendesheim-Memurubu-Visdalen-Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- E. 231030 e-post frå DNT Oslo og omegn-varsel til grunneiere om merking av rute i fjellet sommeren 2024-Glitterheim-Spiterstulen-Glittertind-Visdalen-Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- F. 231108 e-post frå forsvarrets vinterskole-Løyve til skuterkjøring på ubrøytet vei-Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- G. 231114 e-post frå Inatur-årsrapport innlandsfiske 2023
- H. 231115 e-post frå villreinutvalget-fellingsresultat 2023
- I. 231115 e-post frå Norges fjellstyresamband-informasjonsmøte om felles ERP(rekneskap)løsning
- J. 231122 kopi av e-post frå statskog-vedr. oppføring av ny hytte på avgiftsfritt feste, 3434-155-1-164 Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- K. 231128 e-post frå Bøvertjønne hytteforening-Årsmøteprotokoll, rekneskap og revisorberetning
- L. 231129 e-post frå NFS-invitasjon til fagsamling for ansatte-17-19. januar-Gardermoen
- M. 231130 e-post frå Skaihø viltområde-status-felling elg og hjort 2023-Vårdalen nord
- N. 231201 kopi av e-post frå statskog-rekvisisjon om oppmåling-feste 3434-155-1-248-Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- O. 231204 e-post frå SNO-motorferdsel ansvarleg innlandet-avtalekjøp 2024
- P. 231206 kopi av e-post frå Jotunheimen NP-SV-Kostnadsoverslag bru over Storåe-Gjendebu
- Q. 231126 Brev til Glitterheim turisthytte. Beitebruk i Veodalen.
- R. 231206 E-post frå Glitterheim turisthytte. Om beitebruken i Veodalen

Sak nr.:	39/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	18.12.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Bortfall av allmenningsrett for Nørdre Slålii gnr. 124 bnr. 1.

Sakspapir:

- E-post 28.08.2023 frå Ragnhild Kveen - Vedrørande oppheving av bruksrett av setereigedom.

Saksutgreiing:

Med e-post 28. august har Ragnhild Kveen gjeve melding om at dyrka mark og anna utmark som har høyrte til garden Nørdre Slålii, gnr. 124 bnr. 1 er seld, og at setra med tilhøyrande areal difor må førast attende til Statsalmenninga.

Kveen opplyser at det er Marvin Flaten som dei siste 7 åra har disponert og drive dyrka jorda på setra og dei vonar han kan halde fram med å drive denne jordvegen.

Opplysningar og merknader

Retten til allmenningsbruk er regulert i fjellova, §2 andre stykket som seier at:

«Retten til allmenningsbruk ligg til bygd eller grend som frå gamal tid har hatt slik rett. Retten skal kunne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva.

Retten som er knytta til jordbrukseigedom kan berre utnyttast så langt det skjer i tilknytning til drifta av eigedomen som jordbruk, og så lenge eigedomen vert driven som jordbruk. Med dei unntak som går fram av lova her, kan slik rett ikkje avhendast, leigast bort eller krevjast avløyst mot vederlag. Vert gardsdrifta nedlagd og jorda teken i bruk til føremål utanom jordbruksnæringa, fell retten bort. Det same gjeld om ein eigedom ved sal eller oreigning misser så mykje av jorda at den ikkje lenger er å rekna som ei jordbruksmessig eining, eller vert delt på ein slik måte at ingen av jordpartane etter delinga er å rekna som jordbruk.»

I dette tilfellet er gardsdrifta nedlagt, jorda seld og etter sakshandsamars vurdering kan ikkje garden lenger reknast som ei jordbruksmessig eining. Fjellstyret skal da gjere vedtak om at Almenningsretten, og rett til oppteken seter har falle bort. For fjellstyret si behandling av saker som dette, gjeld § 16 i seterforskrifta der det heiter:

«Når seterretten fell bort fordi drifta på eigedomen er lagt ned og jorda teken i bruk til formål utanom jordbruk, eller fordi ein ikkje kan rekne eigedomen som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. § 2 andre ledd i fjellova, skal fjellstyret gjere vedtak om

- at setra skal visast ut til eigedom i drift som treng seter, jf. § 6 og § 7, eller*
- at den tidlegare seterbrukaren må søkje Statskog SF om feste av tomt for seterhusa til fritidsformål, eller*
- at seterbrukaren fjernar husa om verken overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.*

Blir setra vist ut til ein annan eigedom, skal fjellstyret gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om ikkje han, innan ei viss tid, overdreg dei til den nye seterbrukaren.

Før fjellstyret tek avgjerd om fjerning av hus etter første ledd bokstav c eller andre ledd, skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.»

Arealet som har vore festa av Nørdre Slålii består av to festenummer, der 155/1/254 har status som seter og 155/1/253 har status som tilleggsjord. Arealet er samanhengande og det kjem ikkje fram av matrikkelen kva som er definert som tilleggsjord og kva som er seter. Tilleggsjorda var utvist i 1976, og av eit grovskalert kart frå tildelinga kan det sjå ut som tillegget var på om lag 15 dekar og at det omfatta den vestlege delen av arealet. Samla areal på begge festa er om lag 40 dekar. I statsallmenningane i Lom har praksisen normalt vore at størrelsen på seterkveer er avgrensa til omlag 10 dekar. Det er 3 hus på setra. Seterhuset er frå 1942, fjøs og løe frå 1930 åra. Seterhuset er i bra stand. Det har ikkje vore setring sida 1976.

Arealet, både seter og tilleggsjord, bør lysast ledige for bruksberettiga i Leir- og Bøverdalen statsallmenning gjennom offentleg kunnjing. Det er opplyst at Marvin Flaten har drive jorda siste 7 år, og at det er ynskje om at han kan halde fram med det, men fjellstyret har i slike tilfeller vanlegvis praktisert utlysing gjennom offentleg kunnjing. Dersom det blir aktuelt med nytvising av seter må fjellstyret ta stilling til arronderinga mellom seter- og tilleggsjordareala. Om det ikkje er interesse og/eller grunnlag for seterutvising kan statusen for heile arealet endrast til tilleggsjord.

Forslag til vedtak:

Lom fjellstyre vedtek at Nørdre Slålien, gnr. 124 bnr. 1, mistar retten til allmenningsbruk, jf. §2 i fjellova. Dette blir grunngjeve med at gardsdrifta er nedlagt, og at ein grunna sal av jordvegen ikkje lenger kan rekne eigedomen som ei landbruksmessig eining. Av dette fell rett til oppteken seter med festenummer 155/1/254 og tilleggsjord med festenummer 155/1/253 bort.

Fjellstyret vil lyse seter- og/eller tilleggsjord ledig for jordbrukarar med beiterett i statsallmenningen. Det er ein føresetnad at dei oppfyller krava, og kan dokumentere behovet, jf. føresegnar om utvising av seter- og tilleggsjord som er gjeve i fjellova, seterforskrifta og tilhøyrande rundskriv.

Fjellstyret kunnjing at det er ledig seter og/eller tilleggsjord i det aktuelle seterområdet med annonsering i lokalavisene.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Ragnhild Kveen
- Statskog SF

Sak nr.:	40/2023	Arkiv nr.:	233	Møtedato:	18.12.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Godtgjerslereglement for Lom fjellstyre.

Sakspapir:

- Fjellstyresak nr. 51/2015.

Saksutgreiing:

Fjellstyret hadde sist ein gjennomgang av godtgjerslereglementet i 2015, sak nr. 51. Godtgjersla vart den gongen knytt opp til satsane som Lom kommune hadde vedteke for dei folkevalde i kommunen, og følgjande reglement vart vedteke av fjellstyret, og godkjent av Lom kommunestyre:

1. Godtgjersle.

* Vedteken godtgjersle som grunnlag for utrekning av fast godtgjersle til leiar og for godtgjersle pr. møte, vert sett til kommunen sin vedtekne ombudsløn som tilsvarar 80% av ordførarløn.

* Timebetaling for ulegitimert tapt arbeidsforteneste følgjer dei satsane som vert vedteke av kommunestyret i budsjettet for kvart år, 0,04% av vedteken godtgjersle.

2. Fast godtgjersle.

Leiar får 5 % av vedteken godtgjersle.

Den som tek imot fast godtgjersle har ikkje krav på møtgodtgjersle.

3. Møtgodtgjersle.

Medlemar får 1,5 0/00 av vedteken godtgjersle.

4. Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste.

- Lønstakarar: Lønstakarar som krev erstatning må leggje fram attest frå arbeidsgjevar om at vedkomande blir trekt i løn, og storleiken på beløpet.

- Utan legitimasjon: Utan legitimasjon (næringsdrivande og andre som ikkje kan legitimere trekk i løn) blir den vedtekne godtgjersla for timebetaling utbetalt

Utbetalinga vert avgrensa til kl. 19.00 for deltaking i møte i regi av fjellstyret. Der avgrensinga til eit fast klokkeslett verkar urimeleg, kan tapt arbeidsforteneste bli godtgjort etter særskilde krav.

Grunnlaget for utbetaling av ulegitimert erstatning er lengda på møtet/konferansen avrunda til næraste heile time (1/2 time blir rekna som heil). Møte som varer over fem timar, blir rekna som ein dag.

Dersom vervet fører til utgift til leigd hjelp i heimen (t.d. barnevakt eller pleie av sjuke), kan det gjevast refusjon mot at utgiftene blir dokumenterte.

5. Godtgjersle for kost og reise.

Dei til kvar tid gjeldande satsar i statens regulativ for liten bil for reiser over 4 km. Kostgodtgjersle vert dekt etter rekning.

6. Godtgjersle for deltaking på møter, kurs o.a.
For deltaking på fellesmøtar, kurs o.a. arrangert av fellessamskipnader som Fjellstyresambandet og Fjellstyrene i Oppland el. liknande, blir det godgjort berre for tapt arbeidsforteneste.
For deltaking på møte i fjellstyret som kjem utanom ordinært fjellstyremøte, vert dette dekt etter timesats som for ulegitimert godtgjersle.
7. Godtgjersle for deltaking i andre råd og utval.
Fjellstyremedlemmane får godtgjersle og vederlag for tapt arbeidsteneste som fylgje av vervet, i samsvar med reglementet for godtgjersle for fjellstyremøta, dersom slik godtgjersle ikkje vert utgreia av andre.
8. Utbetaling.
Møtegodtgjersle, erstatning for tap i arbeidsinntekt og reise godtgjersle vert utbetalt samla ved årsskiftet etter kvart år.
Fast godtgjersle vert utbetalt etterskotsvis på slutten av året.

Kommunestyret skal godkjenne endringar i godtgjerslereglementet.

Forslag til nytt godtgjerslereglement:

Punkt 3. «Møtegodtgjersle» blir endra til:

«Medlemmane får 0,15% av vedteken godtgjersle pr. møte. For fjernmøter under ein time er satsen 0,05% av vedteken godtgjersle.»

Punkt 1-2 og 4-8 blir vidareført utan endringar.

Nytt godtgjerslereglement får verknad frå 1.1.2024.

Behandling:

Forslag frå Kjell Brandsar:

Punkt 1 «Godtgjersle», 2. punkt blir endra til:

« Timebetaling for ulegitimert tapt arbeidsforteneste følgjer dei satsane som vert vedteke av kommunestyret i budsjettet for kvart år, pr 2023 0,04% av vedteken godtgjersle.»*

Vedtak:

Punkt 1 «Godtgjersle», 2. avsnitt blir endra til:

« Timebetaling for ulegitimert tapt arbeidsforteneste følgjer dei satsane som vert vedteke av kommunestyret i budsjettet for kvart år, pr 2023 0,04% av vedteken godtgjersle.»*

Punkt 3. «Møtegodtgjersle» blir endra til:

«Medlemmane får 0,15% av vedteken godtgjersle pr. møte. For fjernmøter under ein time er satsen 0,05% av vedteken godtgjersle.»

Punkt 2 og 4-8 blir vidareført utan endringar.

Nytt godtgjerslereglement får verknad frå 1.1.2024.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Kommunestyret i Lom kommune, til godkjenning.

Sak nr.:	41/2023	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	18.12.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen statsallmenning. Oppgjevnad av fellesbeiteareal på Langmyra.

Sakspapir:

- Brev frå Nordseter beitelag motteke 2. november. Referat frå møte – bruk av Langmyra.
- Brev til medlemmane i Nordseter beitelag. Oppgjevnad av fellesbeite på Langmyra.
- Brev frå Sylfest Ødegård motteke 2. november. Oppseiing av andel i Langmyra.
- E-post frå Bjørn Laingen 23. november 2023. Oppseiing av andel i Langmyra.
- Brev frå Marit Øyberg og Geir Nilsen. Langmyra fellesbeite på Nordsætra.
- Festekontrakt 4.12.1981 med påteging 6.12.1984 – Fellesbeite på Langmyra
- Sak 50/2001, 64/2001 og påfylgjande klagehandsaming og avgjersle frå LMD 18.09.2002 vedrørande søknad om frådelling av parsell på Langmyra.
- E-post frå Svanhild og Ken Espen Lyngved Solheim 15. desember. Vedrørande Langmyra.

Saksutgreiing:

Med brev motteke 2. november 2023, blir det referert frå eit møte i Nordseter beitelag 4. august. Av brevet går det fram at det dei siste åra har vore utfordringar knytt til drifta av Langmyra, og usemje blant medlemmane om korleis ein skal skjømte arealet. I ljøs av dette har dei nå vorte samde om «*at Fjellstyret og Statskog overtek Langmyra. Så får fjellstyret leggja den vidare plan for området.*» Brevet er signert av Vegar Haugen, Sylfest Ødegård, Torstein Frisvold, Geir Ole Lyngved og Hans Brimi. Sylfest Ødegaard har i vedlegg til brevet gjeve melding om at han trekte seg ut av Langmyra fellesbeite på møte den 4. august.

Med bakgrunn i brevet har sakshandsamar, med brev 23. november, tilskreve eigarar av dei 9 bruka som var nemnd på festeseddel frå 19. mars 1970, som seinare er avløyst med leiekontrakt til Nordseter beitelag frå 4. desember 1981 og med påteikning av denne 6. desember 1984. I brevet er det informert om at sakshandsamar si vurdering av opplysningane som er lagt fram i brevet, er at dette blir å rekne som «*oppgjevnad utan atterhald*» j.f. fjellova §22, tredje ledd, punkt 1:

*«Rett til utvist tilleggsjord etter § 19, og som ikkje direkte er knytt til ei seter, fell bort:
1. Ved oppgjeving utan atterhald».*

Partane vart vidare varsla om at saka blir lagt fram til handsaming på fyrstkomande fjellstyremøte medio desember, og at eventuelle merknader måtte leggest fram for fjellstyret innan 10. desember.

Det har kome to innspel i samband med førehandsvarslinga. Med e-post 23. november gjev Bjørn Laingen melding om at han trekker seg ut av Langmyra.

Med brev dagsett 7. desember skriv Marit Øyberg og Geir Nilsen:

Det ble ikke skrevet referat etter møtet den 4. august 2023. Det er i ettertid gjort et forsøk på å skrive noe som kalles referat (datert 20. september 2023), men er etter vår mening en oppsummering av enkeltes mening om status.

Vi (Frisvold søre Uppistugun - G/Bnr. 7/6) sender derfor dette skrivet med våre synspunkter til forvaltningen av Langmyra frem til i dag og den videre drift.

Det har i perioder vært diskutert hvordan driften skal forvaltes på en god måte, et slikt samarbeid kan være krevende av forskjellige grunner. Vår oppfatning har vært at tilskuddsordningen for dette nokså store området gir summer i millionklassen (opptil flere) i en tiårsperiode. Vi mener at dette ikke har vært tatt til etterretning, men kun fokus på at «alle», også de som ikke får noe av dette tilskuddet, ikke er med på dugnader. Siden vi ikke har hatt noen dyr på Langmyra i den senere tid, har vi heller ikke fått noe tilskudd, noe som er rett og rimelig, men som da har kommet til gode de andre medlemmene. Vi har heller ikke sett rimeligheten til å bidra like mye på dugnadene. Det vi ikke forstår er hvorfor de som har benyttet Langmyra og fått såpass mye tilskudd, ikke har klart å forvalte den frem til i dag. Det virker som at de tror at ved å få tildelt deler av Langmyra på nytt, så skal de gjøre dette så mye bedre.

Vi prøvde for en del år siden å foreslå en oppdeling av Langmyra, pga. satsing på amme kyr. Dette ble nedstemt. Det var heller ikke ønske om å få til en oppdeling med alternative tilpasninger i dagens runder, noe som kunne sikret området for videre drift med det samme beitelaget. Dette med respekt for det arbeidet og økonomien som ble lagt ned ved etableringen av Langmyra i sin tid.

At Fjellstyret i møte fra 3.juli 2023 legger seg på en holdning om at tilleggsjord kan beholdes på gårder som har opparbeidet dette, selv med drift uten dyr for en periode, synes vi er fint med tanke på videre satsing. Det er kostbart å holde drift i gårder uten et visst nivå på driften, så hvis man kan opprettholde vedlikehold av jord og bygninger med tanke på senere opptrapping av driften, kan det ha stor betydning å kunne selge fôr for å supplere på inntekten til gården. Hvis Langmyra blir borte fra gården, ser vi på det som en forringelse av gården.

Når det gjelder møtet om Langmyra den 4.august 2023 i regi av beitelaget, ble det ikke gjort en avstemming om videre drift eller oppløsning. De som har signert på skrivet som er 5 representanter, dekker ikke behovet for 2/3 flertall. Det oppfordres derfor til å fremskaffe ytterligere en signatur.

Ved en eventuell oppløsning av beitelaget, vil det være interessant for oss og vite om Fjellstyret involverer seg i den investeringen som er lagt ned i de opparbeidede arealene. Eller om det sammen med annet materiell som gjerder og redskaper blir en privatrettslig prosess hvis ikke representantene kommer til en minnelig løsning på egen hånd?

Opplysninger og merknader

19. mars 1970 vart det inngått festeavtale med 9 setereigerar på Nordseter om leige av ein 200daa stor parsell på Langmyra. Arealet skulle nyttast til felles kulturbeite. Organiseringa av fellesbeitet vart meir komplisert og konfliktfylt enn venta. Med bakgrunn i at planane om fellesbeitet ikkje lot seg realisere, vart det i 1973 søkt om å parsellere opp å skrive ut festeseddel på kvar enkelt av dei 9 setereigerane. Søknaden vart avslått av direktoratet for statens skoger 31. juli i 1974.

I 1981 vart Nordseter beitelag stifta og tidlegare festeavtale vart erstatta av kontrakt dagsett 4. desember 1981, mellom Nordseter beitelag og direktoratet for statens skoger. Kontrakta gjaldt

same areal som tidlegare avtale, om «*felles beiteareal for lagets medlemmar*». I 1982 vart det søkt om å utvide arealet med 365daa. Dette vart avgrensa til 62daa, jf. tilleggsavtale frå 6. desember 1984.

I 2001 søkte Geir Nilsen om frådeling av parsell frå fellesarealet til eiga bruk. Dette vart avslege av fjellstyret i sak 50/2001. Fjellstyret grunngav vedtaket med at «*ei oppdeling i enkeltparsellar var i strid med føresetnadane som i si tid var sette for utvisinga av feltet*» og «*tilrådde at brukarane varierte og tilpassa bruken av kulturbeitet etter eit vekslende behov, så langt dette let seg gjere utan for store kostnader og problem.*»

Vedtaket vart påklaga, fjellstyret opprettheldt vedtaket sitt, og saka gjekk vidare til klagehandsaming hjå statens landbruksforvaltning. Statens landbruksforvaltning tok ikkje klaga til fylgje. I deirast merknader var det m.a. lagt vekt på at «*Hensynet til den enkeltes subjektive ønsker og behov vil være et av flere relevante momenter i den konkrete vurderingen. Av større betydning vil imidlertid være ønsket om å få til helhetlige løsninger hvor hensynet til den samlede ressursutnyttelsen står meir sentralt enn hensynet til den enkelte...*» Vidare at «*dersom det åpnes for en oppdeling bør dette skje i form av samlet vurdering av hva som anses som en rasjonell og naturlig bruk. Vurderingen må skje i et langsiktig perspektiv hvor hensynet til den konkrete eier må stå tilbake for hva som anses best på lang sikt.*»

I samband med spørsmål om utvising av nytt areal til forproduksjon intil fellesbeitet på Langmyra, har bruken av fellesbeitet ved fleire høve vore lyfta fram og diskutert. Både frå Statskog, fjellstyret, medlemmar av beitelaget og landbruksmyndigheitene har det vore antyda at det kan være fordelaktig med ei meir rasjonell utnytting av fellesbeitet enn det som har vore tilfelle siste åra.

I eit felles møte mellom beitelaget, landbrukssjefen, Statskog og Fjellstyret, den 18. februar 2022, vart framtidig bruk av Langmyra sett på agendaen. Det kom fram at det dei siste åra, blant medlemmane, har vore ulik grad av bruk og engasjement kring drifta av feltet. Samstundes var det ulike behov, ynskje og meiningar om framtidig bruk og skjøtsel av arealet. Frå fleire av medlemmane vart det framheva at det er heilt nødvendig å utføre fleire kostnadskrevjande tiltak for å halde arealet i hevd, og at beitekvaliteten har falle betrakteleg siste tida. Dei ynskte og ta tak i dette, men syntest det var vanskeleg å akseptere at passive medlemmar ikkje tok del i denne kostnaden/arbeidet. Det vart diskutert om det var anledning for fjellstyret å vurdere bruken opp mot føresegnene om frifall, jf. fjellova med tilhøyrande forskrifter, og om frifall i tilfelle kunne vurderast for kvar einiskild brukar. Til dette var det frå fjellstyret sagt at spørsmål om frifall måtte vurderast mot den faktiske bruken av parsellen, og vilkåra som var lagt til grunn ved utvisinga. Sidan det er Nordseter beitelag, og ikkje einiskilde brukarar, som er oppført som «festar» i kontrakta frå 1982, vart det antyda at det kan være vanskeleg å knyte frifall til enkeltmedlemmar. Medlemmane i beitelaget vart oppmoda til å freiste å einast om ei drift som sikra ein rasjonell bruk av feltet til det beste for behovet blant brukarane.

I etterkant av møtet vart det etter fjellstyret sitt inntrykk ikkje eingiheit mellom medlemmane. Våren 2023 valde fjellstyret å kalle inn til felles synfaring på Langmyra der medlemmane i beitelaget, Statskog SF og landbruksjefen i kommunen deltok. Formålet var å diskutere problemstillinga og moglege alternativ for å fremje ei betre utnytting av arealet. Her vart det stadfesta at det er nødvendig å utføre nødvendige tiltak for å halde arealet i hevd, og at usemja mellom medlemmane har ført til svært avgrensa innsats i samband med skjøtsel av arealet. Det var mellom anna ikkje påkjørt gjødsel siste

tida. Kvar av medlemmane vart utfordra til å melde sine behov, tankar og ynskje for framtida. Dette var som forventta svært sprikande. Nokre ynskte å bruke det til forproduksjon, medan andre har bruk for beite. Nokre driv ikkje med dyr, og/eller har leigd bort garden. På nytt vart det oppmoda om at medlemmande måtte prøve einast seg i mellom, men det vart og diskutert alternative løysingar der «oppgjevnad utan atterhald», at arealet går attende til statsallmenningen og at fjellstyret tek avgjerd om vidare bruk, eventuell utlysing- og nyttilvising, etter føresegnane i fjellova og seterforskrifta, vart fremja som eit alternativ. Det vart orientert om at ei slik løysing krev vedtak/bestemming blant medlemmane i beitelaget, om «*oppgjeving utan atterhald*» jf. §22 i fjellova.

Fjellstyret må nå i fyrste rekkje ta stilling til om opplysningane framlagt i brevet frå medlemmar i Nordseter beitelag 2. november 2023, i ljøs av opplysningane frå Sylfest Ødegaard og Bjørn Laingen, og merknadane frå Marit Øyberg og Geir Nilsen, kan reknast som «oppgjevnad utan atterhald» jf. §22 i fjellova. Eit fleirtal med 5 av medlemmane i beitelaget har einast om at arealet skal gjevast opp. I merknadane frå Marit Øyberg og Geir Nielsen er det peikt på at dette ikkje dekkjer behovet for 2/3 dels fleirtal. Kva grad av fleirtal som krevst for å fatte ei slik beslutning, er etter sakhandshamars vurdering eit privatrettsleg spørsmål mellom medlemmane i beitelaget. Med Bjørn Laingen si melding er det 2/3 fleirtal for avgjersla.

Når det gjeld spørsmål om kompensasjon for investeringar, gjerde og redskaper ved eventuell nytutvising, er dette spørsmål av privatrettsleg karakter som fjellstyret ikkje legg seg opp i. Om ein ikkje kjem til minnelege løysingar mellom gamal og ny festar, blir det sett frist om fjerning ev eventuelle installasjonar som t.d. gjerde og/eller bygningar.

Fjellstyret bør ved eit frifall vente med å ta stilling til kva som skal skje med arealet til klagefrista er ute og vedtaket er gyldig.

Med e-post 14. desember har Svanhild og Ken Espen Lyngved Solheim kome med denne merknaden:

I forbindelse med saken om Langmyra, -er vi enige om at denne kan tilbakeføres til Statsskog. Vi driv ikkje lenger med dyr og har difor ikkje bruk for beitet. Vi meiner det er rett at arealet kan tilbakeføres til Statsskog slik at Fjellstyret kan fordele dette til dei som driv med aktivt landbruk.

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Behandling:

Svanhild Lyngved Solheim er part i saka og gjekk frå ved behandlinga. Ketil Gutubø gjekk, som personleg varamedlem, inn ved behandling av saka.

Vedtak:

Med den informasjonen som kjem fram i saka, meiner fjellstyret at det er grunnlag for å konstatere at Nordseter beitelag gjev opp fellesbeitet på Langmyra, 157/1/76, utan atterhald j.f. fjellova §22, tredje ledd, punkt 1:

«Rett til utvist tilleggsjord etter § 19, og som ikkje direkte er knytt til ei seter, fell bort:

1. Ved oppgjeving utan atterhald“.

Fjellstyret grunnjev dette med at det føreligg skriftleg dokumentasjon om at eit kvalifisert fleirtal av medlemmane i Nordseter beitelag stiller seg bak dette.

Fjellstyret vil vente med å ta stilling til kva som skal skje med arealet og tilhøyrande installasjonar til klagefristen er ute og vedtaket er gyldig.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Torstein Frisvold
- Hans Brimi
- Sylfest Ødegård
- Bjørn Terje Laingen
- Geir Ole Lyngved
- Svanhild Lyngved Solheim
- Vegar Haugen
- Marit Øyberg og Geir Nilsen
- Åsne Dalåmo
- Statskog SF

Sak nr.:	42/2023	Arkiv nr.:	021/111.1	Møtedato:	18.12.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Forslag til årsplan og budsjett for 2024.

Sakspapir:

- Budsjettforslag 2024.

Merknader til budsjettet og framlegg til årsplan:

Personell.

Fjellstyret har i 2023 hatt desse tilsette:

- Åsmund Galde dagleg leiar/fjelloppsyn i 100% stilling.
- Eilev Hellekveen, fjelloppsyn 40% januar til april 100% frå mai til desember.
- Odd Repp og Jo Øien, sesongoppsyn/tilkallingsvikar
- Ketil Gutubø, engasjement skjøtselsarbeid

Tenestekjøpet frå SNO og sal av tenester til andre har halde seg stabilt høgt siste åra. Dette har kravd meir arbeidshjelp, noko som har vore løyst gjennom mellombels utviding av den faste stillinga til Eilev Hellekveen og tilkallingshjelp. Det er vanskeleg å budsjettere for tenestosal frå år til år, mykje er knytt til overføringar over statsbudsjettet, interne prioriteringar hjå tenestekjøperane m.m. Vi får sjeldan stadfesta tenestekjøpsavtalene før april-mai.

Refusjonen for oppsyn i statsallmenning vart betydeleg auka i 2023. Dette er vidare styrka for 2024, noko som blir spegla i budsjettframlegget. Samla ser vi nå at tenesal og refusjon ligg på eit vesentleg høgare nivå enn tidlegare. Sjølv om det er ein del usikkerheit knytt til dette, har vi ingen indikasjonar på at dette endrar seg med det fyrste. Med bakgrunn i dette blir det lagt fram forslag om at Eilev Hellekveen får utvida si faste stilling til 100% i månadane mai-desember og 60% i månadane januar til april. Samstundes er det teke høgde for mellombelse sesongoppsynstillingar på til saman 3,8 mnd. Tilsetting og fordeling av desse vil bli tilpassa tenestekjøp og behov.

Fjellstyret - møteverksemd.

Tidspunkt for møta vil bli tilpassa saksmengda og behovet for rask handsaming av enkelte saker. Administrasjonen vil varsle styremedlemene om tidspunkta for møta så snart desse er tidfesta. Det vert lagt opp til seks ordinære fjellstyremøte i løpet av året. Det vert hovudsakleg lagt opp til kveldsmøte.

Dersom det kjem saker til behandling som fordrar synfaring føreåt, vert denne synfaringa lagt til juni månad. Til denne synfaringa vert også andre partar med uttalerett eller avgjerdsmynde inviterte. Saker som dukkar opp i løpet av sommaren, kan gjera at det blir behov for ei synfaring att også på haustparten.

Bruksrettssakene og forvaltningssakene som fortløpande kjem inn til behandling hjå fjellstyret blir prioritert.

Oppsynsverksemd-administrasjon.

Forvaltninga av bruksrettane, oppsyn- og skjøtsel i statsallmenningane, administrasjon av jakt og fiske i saman med administrasjon og tilsynet med alle fjellstyrehyttene, er i saman med arbeid knytt til tenestosal dei viktigaste oppgåvene for dei tilsette. Oppfylgning av saker med

bakgrunn i den gjennomførte seterregistreringa og sakshandsaming knytt til dette vil være ei prioritert oppgåve komande år.

Tenestesalet til SNO krev at dette vert vektlagt spesielt i sommar-månadene. SNO-Jotunheimen har det største tenestekjøpet. Dette er ein brukspark med stor besøkmengde ei avgrensa tid av året, som gjer at behovet for oppsyn og informasjonsarbeid er absolutt størst i sommarferienida, og vil bli prioritert da. Siste to åra har likevel ein auka del av arbeidet for SNO kunne vore knytt til vinterhalvåret. Dette gjev betre fordeling av tenesalarbeidet og styrkar behovet for tilgjengeleg feltmannskap gjennom heile året.

Avtala med NVE om snømåling på Sognefjellet står ved lag. Likeins gjeld for transport i tilknytning til bremålingane i Jotunheimen. Det er i tillegg ynskjeleg at vi kan bistå med utføring av bremålingar på enkelte lokalitetar. Komande år får vi eit tilleggsoppdrag i samband med riving og transport av ei gamal NVE hytte på Memurubreen.

Vi vil oppretthalde fokus på generell informasjonsarbeid gjennom digitale plattformer og sosiale media. I tillegg blir det foreslege å oppretthalde inntil kr 20 000 til marknadsføringstiltak knytt mot fiske. Dette blir nytta i ein marknadsføringskampanje i fellesskap med andre fjellstyre, NFS og inatur, og gjennom analyser ser vi at dette truleg har ei god og lønnsam effekt.

Sal gjennom inatur har gjeve ein auka bruk av fjellstyrehyttene, der utanbygdsbuande står for det meste av gjestedøgna. Dette har auka behovet for transport av ved-, gass og anna nødvendig utstyr, samtidig som at behovet for tilsyn, vedlikehald og reparasjonar av hyttene er større enn før. Dette krev ein del av tida til oppsynet. Siste åra har vi i større grad regulert utleigeverksemda og lagt til rette for at innanbygdsbuande har tilgang til hyttene.

I tillegg til oppsyn med jakta i haustmånadene kjem fiskeutsetting, ettersyn og klargjering av hyttene før vinteren. Stor auke i fellingskvotane siste åra, utviding av jakttida og innføring av kortidsjakt på restkvote/tilleggsdyr medfører meirarbeid med administrasjon og oppsyn.

Lom fjellstyre vektlegg arbeid med barn og unge. Årlege arrangement og tiltak knytt til dette som skal gjennomførast er:

- "Barske glæder" – fyrste halvdel av mars, i samarbeid med Norsk Fjellsenter og SNO.
- Familiefiskedag ved Dalsvatnet – i månadsskiftet juni-juli, eige arrangement.
- Friluftsgruppa ved Lom v.g.s. – transport og utsetting av settefisk på Langvatnet, i slutten av august.
- Overnattingstur med garnfiske og fokus på haustingsbaserte ressursar i samarbeid med Lom ungdomskule.
- Veodalsturen med 7. klassingane i Lom – orientering om fangstanlegg og om Veodalen, utsetting av fisk og prøvefiske, overnatting i lavvo ved Grønbua, i fyrste halvdel av september.
- Opplæringsjakt for barn og unge.

Vi fekk 55.000,- i prosjektmidlar frå miljødirektoratet året som gjekk, knytt til gjennomføring av aktivitetane mot barn- og unge. Tildeling av tilskot krev bruk av eigne midlar og eigeninnsats. Det blir foreslått å vidareføre avsetting av kr 20 000,- til rekrutteringstiltak for barn og unge i 2024. I tillegg kjem det om lag 150 timar eigeninnsats, og tildeling av løyver til opplæringsjakta.

Jakt og fiske.

Fiske.

Utsetting av settefisk skjer etter ein eigen kultiveringsplan. Det er planlagd prøvefiske på Aurkvea og Skuggevatnet.

Båtar med redningsutstyr som er utplasserte på fire forskjellige vatn for utleige, krev noko ettersyn og småreparasjonar gjennom sommarhalvåret.

Lom fjellstyre har administrasjonen av ordninga med Jotunheimen-kortet, felleskortet med Vågå og Luster. Nettsalet av fiskekort har vore aukande, og vi har kutta ned på talet av kortsalstader. Dette gjeld vesentleg dei med minst omsetning. Dette har minska arbeidet med administrering av kortsal.

Småviltjakt.

Administrasjon, utlysing og sal av småviltjakt til utanbygdsbuande tek framleis ein del tid, men mykje av dette er forenkla gjennom sal på Inatur. Vi foreslår at ordninga med jaktkortsalg i etterkant av taksering og etter «førstemann til mølla» prinsippet blir vidareført. Refundering av jaktkort ved eventuell freding er ressurskrevjande og skapar ein del støy og misnøye. Ordninga med sal etter taksering, spara oss for mykje tid og og telefonar i etterkant av fredingsvedtaket sist år.

Administrasjonen vil revidere takseringsordninga og inngå avtale med Hønsfuglportalen for å få betre bestandsestimat for lirype komande år. Det er budsjettert med ein kostnad inntil kr. 15.000 i samband med dette arbeidet.

Storviltjakt.

Fjelloppsynet er sekretær og representant for fjellstyret i Bøverdalen viltområde, og representerer fjellstyret i Skaihø v.o. Møteverksemd i april og mai for å fastsetje kvotar og drøfte endringar i bestemmelsane framfor ny sesong. Observasjon og registrering av bestandsforholda for storvilt blir gjort i løpet av vinteren og våren for å kunne fastsetje kvotane best mogleg.

Administrasjon av enkeltkort for storviltjakt i november månad krev noko administrasjon, men er ei ordning som er godt motteke og etter kvart godt innarbeidd blant jegerane.

I tillegg til oppsyns- og kontrolloppgåver på statsallmenningen, har oppsynet dei siste åra teke på seg oppsynsoppdrag frå Meadalen grunneigarlag. Det er grunn til å tru at dette tenestesalet, som ikkje har noko stort omfang, vil halde fram.

Hyttene.

Jamleg ettersyn, supplering av utstyr og nødvendig vedlikehald som beising og reingjering gjennom heile sesongen, samt forsyning med ved og gass. Ettersyn og oppfølging av brannvern- og sikringsutstyr, instruksar og dokumentasjon knytt til dette.

Det er teke høgde for at tak og/eller pipegjennomføringar skal utbetrast på Hæranosbua og Langvassbua. Kostnadane knytt til dette arbeidet er høgst usikker, eit eventuelt meirforbruk vil bli handsama gjennom eiga sak.

Samla gjev budsjettforslaget eit overskot på kr. 3210.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret godkjenner forslaget til årsplan og budsjett.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner forslaget til årsplan og budsjett med denne endringa:

- Avsetting til driftstilskot til fellesdriftene blir auka frå 50.000 til 60.000

Dette gjev eit budsjettert underskot kr.6790 som skal dekkast opp av oppsparte midlar.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF
- Rekneskapsfører
- Revisor

Sak nr.:	43/2023	Arkiv nr.:	141.3	Møtedato:	18.12.2023
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

Søknad om stønad frå fjellkassa - Driftstilskot til Veodalen beitelag.

Sakspapir:

- Søknad datert den 07.12.2023 frå Veodalen beitelag.
- Vedlegg: - Rekneskapsutskrift pr. 30.11.2023
- Oversikt dyr på beite 2023

Saksutgreiing:

I brev av 07.12.2023 har Veodalen beitelag v/ Lom avløysarlag søkt om driftstilskot kr. 25.000 til fellesdrifta for storfe i Veodalen i 2023.

Året var det 19. driftsåret for Veodalen beitelag.

I år var 139 storfe på beite (155 dyr i 2022) fordelt på 11 husdyreigarar(11 også i 2022). Beiteperioden var frå ca. 1. juli til 15. september. Det har vore tilsett ein gjetar, og i søknaden kjem det fram at det trengs dagleg tilsyn da dyra lett kan kome ut av beiteområdet.

Totale driftskostnader i 2023 er på kr. 118.208,90,- (174.099,- i 2022). Gjetarkostnadane inkludert frakt og eigeninnsats er på kr. 851,- pr. dyr, ein nedgang frå året før (1123,- pr. dyr). Rekneskap er vedlagt søknaden.

På inntektssida er tilskot frå regionalt beitelagstilskot for 2022(utbetalt 2023) kr. 9840,- (4982,- i 2022). I tillegg er det innvilga inntil 30% av driftskostnadane-maksimalt 35.000,- i kommunalt driftstilskot for 2023. Dette er dei offentlege støtteordningane Veodalen beitelag kan få driftstilskot frå.

I søknaden står det at det er viktig for laget si drift- og for utnyttinga av beiteressursane i Veodalen, at dei held oppe talet på husdyrbrukarar og antal beitedyr. Det er grunnlag for fleire beitedyr i dalen og det er viktig for vidare drift å halde driftskostnaden pr. dyr låg.

Veodalen beitelag søker om eit driftstilskot for 2023 på kr. 25.000 frå Lom Fjellstyre.

Beitelaget takkar i søknaden for samarbeidet i beiteåret som har gått.

Opplysningar og merknader:

Det er avsett kr 50.000 til driftstilskot for fellesdriftane og det har kome inn to søknader om tilskot:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift

Tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

Vedtak:

Fjellstyret løyver kr. 25.000 i driftstilskot til Veodalen beitelag for året 2023.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Veodalen beitelag
- Rekneskapsfører
- Statskog SF

<i>Sak nr.:</i>	44/2023	<i>Arkiv nr.:</i>	141.9	<i>Møtedato:</i>	18.12.2023
<i>Saksbehandlar:</i>	Eilev Hellekveen				

Søknad om stønad frå fjellkassa.

Formål: Driftstilskot til Storådalen beitelag.

Sakspapir:

- Søknad dagsett den 11.12.2023 frå Storådalen beitelag.
- Rekneskap 2023

Saksutgreiing:

Med e-post dagsett den 11.12.2023 har Storådalen beitelag v/Hans Erik Kolden søkt om kr. 25.000 i stønad til fellesdrifta for storfe i området Gjendebu/Storådalen 2023.

Det vart slept 125 kalvar på beite frå i alt 11 dyreeigarar (121 dyr fordelt på 13 eigarar i 2022). Heller ikkje dette året har det vore tap av dyr.

Som tidlegare år har det vore ansatt to gjetarar i deltid med ca. to dagsverk per veke i tillegg til eigeninnsats frå dyreeigarane.

Storådalen beitelag er takksame for samarbeidet og den økonomiske støtta til drifta.

Opplysningar og merknader:

Det er avsett kr 50.000 til driftstilskot for fellesdriftene og det har kome to søknader om tilskot:

- Storådalsdrifta – kr. 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr. 25.000 til drift

Tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

Vedtak:

Fjellstyret løyver kr. 25.000 i driftstilskot til Storådalen beitelag for året 2023.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Storådalen beitelag
- Rekneskapsførar
- Statskog SF

Sak nr.:	45/2023	Arkiv nr.:	363.1	Møtedato:	18.12.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Høyringssak. Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Leirvassbu turisthytte – Overgang frå punktfeste til arealfeste.

Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF 24. oktober. Sak til høring – Overgang frå punktfeste til arealfeste – Leirvassbu.

Saksutgreiing:

Med e-post 24. oktober har Statskog bede om fjellstyret si uttale i samband med at ynskje om overgang frå punkt til arealfeste for turisthytta Leirvassbu, festenummer 47 i Leir- og Bøverdalen statsallmenning:

Ved overdragelse av Leirvassbu AS, har Sparebankstiftelsen kjøpt Leirvassbu AS og engasjert DNT Oslo og Omegn til å ta ansvar for drift av turisthytta. I den forbindelse har Statskog som bortfester satt krav om at det skal inngås ny festekontrakt, og at tomta skal defineres ved overgang fra punktfeste til arealfeste. Ved overgang fra punkt- til arealfeste vil det arealet som er lovlig etablert og i bruk bli kartfestet og avgrenset.

Jf. fjellovens § 12, skal det lokale fjellstyre få mulighet til å komme med uttale i grunndisponeringssaker. Statskog ber om fjellstyrets uttale på om tiltaket er til vesentlig skade for noen med bruksrett, eller andre forhold som fjellstyret kjenner til.

Vedlagt følger kart som viser ønsket arealavgrensing. Arealet er inndelt i tre soner; grønt, blått og gult.

- Grønn sone er arealet for selve Leirvassbu turisthytte. Innenfor dette arealet ligger også vann- og avløpsanlegg med tilhørende grøfter og ledninger i grunn, steinbu fra 1875, samt uteareal som nyttes av besøkende på Leirvassbu.

- Blå sone er område til teltplass for besøkende på Leirvassbu. Dette arealet skal ha liten eller ingen tilrettelegging utover arealformålet «teltplass».

- Gul sone er parkeringsareal. Statskog og DNT er enige om at parkeringsarealet skal kunne benyttes av alle tilreisende, ikke bare gjester ved turisthytta. Parkeringsarealet som er inntegnet er noe større enn dagens parkering. Statskog har tidligere godkjent slik utvidelse, da det er kjent at det ofte er for lite parkeringsareal i toppsesongen.

- I tillegg følger rettighet til å ha stående brønnhus på anvist punkt ned mot vannet. Brønnhuset vil kun registreres som en egen rettighet i kontrakten. Dette fordi Statskog ikke ønsker å inkludere strandsonen som en del av det tellende areal til turistbedriften.

Opplysningar og merknader

Overgang frå punktfeste til arealfeste kan etter sakshandsamars vurdering kunne gje fester(ar) større rådigheit, og eigarkjennsle over areala enn kva som har vore tilfelle fram til no. Medan

punktfeste i utgangspunktet berre gjev rett til å føre opp bygning(ar), så vil eit tomtefeste kunne opne for meir privatisering, f.eks i form av inngjerding, om ikkje anna er bestemt i festeavtale, i reguleringsplan eller kommuneplan.

Tomtefestelova gjev ikkje rådighet over området rundt husa/hytta som punktfestaren har, så lenge dette ikkje er spesielt avtala i festekontrakta. I utgangspunktet har ikkje festar rett til anna enn oppføring av sjølve husa og rett til avgrensa rydding av skog og kratt. Punktfeste set fellesskapets interesser, og i ein del tilfelle grunneigars og/eller rettighetshaverars interesser, framfor hyttebyggjarens eventuelle ynskje om å disponere eit bestemt område rundt hytta/husa.

Ved overgang til arealfeste kan allmenne interesser, ferdsel, jakt- og fiskeinteresser beitebruk m.m. i større grad kunne bli berørt. Dette kan styrast gjennom føringar i festekontrakt, arealplan og kommuneplan, det er i tilfelle avgjerande at det blir fulgt opp i kvart enkelt tilfelle.

For Leirvassbu sin del er det avgjerande at den almenne ferdselen- og bruken av området ikkje blir berørt. Det er i så måte svært positivt at det blir lagt til rette for allmenn bruk av parkeringsarealet. Dette burde være eit prinsipp som ligg i botn ved alle infallsportar på statsalmenning. Privatisering av parkeringsareal i viktige utfarts- og rekreasjonsområder kan etter kvart bli ei vesentleg utfordring for allmenn tilgang til rekreasjon- og friluftsområder. Det er og viktig at det framleis blir høve for oppsynet, beitebrukerar, hydro m.m. til å kome fram til anleggsvegen mot Gravidalen og anledning for fiskerar til på ein grei måte å kome til med båt på Leirvatnet.

Når det gjeld «arealformål teltplass», er dette noko som sakshandsamar meiner er positivt, og som fungerer godt til dømes på Gjendebu og Spiterstulen. Det er ein fordel at telting i område tett på turisthyttene kan organiserast på ein måte som gjer at nokon tek ansvar for at renovasjonsordning og toalettfasilitetar er på plass. Det bør elles settast som vilkår i ei ny festekontrakt at inngjerding, vesentlege terrenginngrep eller endringar i arealbruk som kan påverke den almenne bruken og bruksrettsinteresser må søkjast grunneigar.

Forslag til vedtak

Fjellstyret syner til vurderingane i saka og meiner på generelt grunnlag at ein overgang frå punkt til arealfeste potensielt kan opne for ein vesentleg endra bruk og privatisering av areala. Det er difor av stor betydning at dette blir hensyntteke gjennom gjennom vilkår i festekontraktene.

Fjellstyret stiller seg positive til ein overgang frå punkt- til arealfeste for Leirvassbu turisthytte slik som skissert, men ynskjer at det i ny festekontrakt blir sett vilkår om at inngjerding, vesentlege terrenginngrep eller endringar i arealbruk som kan påverke den almenne bruken og bruksrettsinteresser må søkjast grunneigar.

Fjellstyret vil framheve at det er særst positivt at det blir lagt til rette for allmenn bruk av parkeringsarealet, og meiner dette burde være gjeldande praksis ved alle utfartsområder på statsalmenning. Privatisering av parkeringsareal i viktige utfarts- og rekreasjonsområder kan etter kvart bli ei vesentleg utfordring for allmenn tilgang til «felleskapets verdier».

Vedtak:

Fjellstyret syner til vurderingane i saka og meiner på generelt grunnlag at ein overgang frå punkt til arealafeste potensielt kan opne for ein vesentleg endra bruk og privatisering av areala. Det er difor av stor betyding at dette blir hensyntteke gjennom gjennom vilkår i festekontraktene.

Fjellstyret stiller seg positive til ein overgang frå punkt- til arealfeste for Leirvassbu turisthytte slik som skissert, men forutset at det i ny festekontrakt blir sett vilkår om at inngjerding, vesentlege terrenginngrep eller endringar i arealbruk som kan påverke den almenne bruken og bruksrettsinteresser må søkjast grunneigar.

Fjellstyret vil framheve at det er særst positivt at det blir lagt til rette for allmenn bruk av parkeringsarealet, og meiner dette burde være gjeldande praksis ved alle utfartsområder på statsalmenning. Privatisering av parkeringsareal i viktige utfarts- og rekreasjonsområder kan etter kvart bli ei vesentleg utfordring for allmenn tilgang til «felleskapets verdier».

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF

Sak nr.:	46/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	18.12.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Klagesak. Rivningsvedtak – Leirdalen felleseter.

Sakspapir:

- Sak 13/2019 i Lom fjellstyre. Leir- og Bøverdalen statsallmenning - Fellesetra for geit i Leirdalen. Oppløysing av laget.
- Sak 33/2019 i Lom fjellstyre. Leir og Bøverdalen statsallmenning - Fellesetra for geit i Leirdalen. Oppløysing av laget og vidare bruk av setra.
- E-post med brev 11. juli 2023 frå Statskog SF. Oppfølging av sak om felleseter for geit i Leirdalen.
- Sak 31/2023. Oppfølging av sak om felleseter for geit i Leirdalen.
- E-post frå Eivin Horten
- Tekstmelding frå Per Tore Berg 12. desember. Overdragelse av andelar i fellesetra.

Saksutgreiing:

Med e-post 6. desember har Eivin og Helene Horten fremja klage på vedtak i sak 31/2023 om riving av Fellesetra i Leirdalen. I e-posten skriv dei:

«Vi klager på vedtaket grunna at vi ønsker og overta husa på avgiftsfritt feste siden det no er einighet med dei 2 andre andelseigarane om at dei ikkje ynsjer og viareføre bruken av husa.

Vi ynsjer og sjå på muligheitane for og bedrive sommermjølking i eksisterande fjøs, eller ha det som ei tilsynsbu til våre beitedyr.»

Opplysningar og merknader

Statskog SF og Lom fjellstyre fekk med brev dagsett den 27.1.2019 frå Leirdalen felleseter for geit om at medlemene i laget hadde vedteke å oppløyse laget, da ingen av dei lenger driv med geitehald, og ingen av dei etter vedtektene kan overta setra. Brevet var stila frå Joar Slettede, Sigurd welve og Eivind Horten.

Med bakgrunn i dette brevet behandla fjellstyret saka og gjorde slikt samrøystes vedtak i sak nr. 13/2019:

"Fjellstyret vil orientere landbrukskontoret i kommunen om situasjonen, og i samråd med dei avklare med geithaldarane i kommunen om det er interesse for, og aktuelt å ta i bruk att og halde fram med ei felleseter for geit i Leirdalen. Inntil dette er fastslege, vil fjellstyret vente med å ta stilling til kva som skal skje vidare med bygningane.

Landbrukskontoret gav i brev dagsett 27.05.2019 beskjed om at ingen av dei som driv med mjølkeproduksjon frå geit i Lom sa seg interessert i setra.

For å få kunnskap om tilstand og formålstenlegheit på eksisterande bygningar, vurdering av arealet rundt setra, og andre synspunkt rundt vidare bruk av setra, vart det den 24.06.2019 arrangert ei felles synfaring der laget for fellesetra, beitebrukerar i Leirdalen, landbruksmyndigheitene i kommunen, statskog og fjellstyret var med. Her kom det fram at arealet rundt setra er lite eigna for dyrking og/eller kultivering, men at det kan vere eigna som

samlekve for beitedyr. Husa er i god stand, men bygd for mjølkeproduksjon for geit. Plan og miljøvernrådsgjevar Sander Sælthun opplyste om utfordringar knytt til skred og flaum ved eventuelt påbygg eller omdisponering av eksisterande bygningar. På direkte spørsmål om setra/bygningane kunne være av interesse for beitelaget vart det antydta at dei fleste allereie hadde setrar på Ytterdalen og ikkje hadde behov for tilsynsbu eller samleplass for beitedyr. Joar Slettede sa seg interessert i å overta setra/bygningane enten som seter eller som tilsynsbu for beitedyr.

I saksutgreiinga i etterkant var det peikt på at det med bakgrunn i dei naturgjevne tilhøva, og moglegheitene for areal til seterkve eller fôrproduksjon, er lite aktuelt å lyse ut denne setra for andre bruksrettshavarar i allmenningen. Slik tilhøva i landbruket er i dag, er det liten pågang etter å få utvist setrer, og forholda her er ikkje optimale for å etablere ei seter for mjølkekyr eller kjøtproduksjon med nødvendig tilhøyrande areal.

Med dette som bakgrunn gjorde fjellstyret slik samrøystes vedtak i sak 33/2019:

Fjellstyret tilrår at Statskog SF gjev ein eller fleire av dei tidlegare medeigarane av fellessetra løyve til å ha seterhuset ståande på eit avgiftsfritt feste, slik seterforskrifta gjev høve til.

Fjellstyret tilrår vidare som vilkår at det vert lagt fram ei skriftleg avtale, der det går fram kven som skal overta seterhuset. Dette bør det setjast frist for skal skje innan den 1. februar 2020.

I etterkant av dette vedtaket, og tilbod frå Statskog SF om oppretting av avgiftsfritt feste, deltok sakshandsamar på eit møte med dei daverande medlemmane av fellessetra Per Tore Berg, Helene- og Eivin Horten og Sigurd Welve på Storhaugen. Eg fekk da forståelse for at det var einigheit mellom medlemmane om at Per Tore Berg, i tråd med vedtaket, skulle overta setra. Dei andre medlemmane gav klart uttrykk for at dei ikkje hadde interesse for setra. Partane skulle avklare det privatrettslege oppgjeret seg i mellom, og kome attende med eit formelt svar til Statskog SF. Nokor avklaring kom aldri og det vart bede om utsett frist til 4. mai, noko som Statskog SF imøtekom. Etter dette har ikkje fjellstyret, sakshandsamar eller Statskog SF høyrte meir frå medlemmane i fellessetra.

Med dette som bakgrunn sendte Statskog SF den 11. juli i år difor eit brev til fjellstyret der dei skriv at:

«Statskog kan ikke se å ha mottatt avklaring fra partene i fellessetra. Det har gått tre år over fristen som partene selv satte seg. Statskog oversender derfor saken tilbake til Lom fjellstyre, der vi ber fjellstyret om å ta saken opp til ny behandling etter seterforskriftens § 13 fjerde ledd, om fjerning av bebyggelsen.»

Fjellstyret tok saka til behandling i sak 31/2023 der det vart gjort slik samrøystes vedtak:

«Fjellstyret vedtek med heimel i seterforskrifta §13, fjerde ledd, at bygningmassa og gjerder som tilhøyrer Leirdalen fellesseter for geit skal fjernast.

Fristen for å inngå avtale om avgiftsfritt feste gjekk ut for meir enn 3 år sidan. Manglande initiativ, ettersyn- og vedlikehald frå laget for fellessetra synleggjer etter fjellstyret si meining at bruksberettsinteressene og allmennheita elles er best tent med at bygningane blir fjerna og arealet ført attende til allmenningen.

Fjellstyret tilrår at eigarskapet for brua over Leira blir overført til DNT Oslo og omegn.»

I forkant av behandlinga og rivingsvedtaket vart medlemmane forhåndsvarsla pr. e-post den 26. september, der det var opplyst at dei hadde anledning til å kome med innspel eller merknader med frist til den 4. oktober. I samband med at sakshandsamar ikkje hadde fått nokon respons, og ville forsikre seg om at alle partane hadde fått varselet, var eg i dialog med Eivin Horten pr. telefon den 17. oktober. Sakshandsamar fekk da forståelse for at dei syntest det var særst leitt at setra måtte rivast, og vi prata om utgiftene knytt til ei eventuell riving, og moglegheitene til at fjellstyret eller andre kunne bistå ved å finansiere ein slik kostnad. Sakshandsamar forsto det som at det var fremja spørsmål på generelt grunnlag, om ikkje einkvan kunne ha interesse av å bruke det som seter. Det vart ikkje oppfatta som noko konkret ynskje frå dei om å starte med seter- og mjølkeproduksjon for kyr. Horten vart difor orientert om dei vurderingane som var lagt til grunn frå landbruksmyndigheitene og fjellstyret i samband med saksgangen i 2019 og vurderingane som låg bak at fjellstyret den gongen meinte at setra var uegna til seterretablering for mjølkeproduksjon frå ku.

Den 15 november, dagen etter at den formelle klagefrista på rivningsvedtaket var ute, vart sakshandsamar kontakta av journalist frå avisa GD. Denne hadde vore i kontakt med Horten i samband med rivingsvedtaket, der dei hadde formidla at dei hadde ynskje om å overta setra med tanke på mjølkeproduksjon frå ku. Den 16. november kom det skriftleg søknad frå Horten om å overta setra til mjølkeproduksjon for ku. Den 21. november kontakta sakshandsamar Horten og avtala eit møte for å drøfte saka.

Den 27. november vart det gjennomført eit møte der Horten, i saman med sakshandsamar, fjellstyreleiar og landbrukssjefen møtte. Sakshandsamar inleidde med å konstatere at det kan sjå ut som ein har hatt ulik forståing for kva som har vore kommunisert frå Horten, men at ein i ljøs av dei nye opplysningane, er positive til å legge saka fram til ny vurdering. Horten greia ut om ynskje- og planar om mjølkeproduksjon frå ku. Landbrukssjefen opprettheldt landbruksmyndigheitene si vurdering i saka frå 2019, antyda at det var andre stader som kanskje kunne vere betre egna til slik drift og at ein kanskje burde gjære grundigare underøkingar før ein tok til med dette. Etter dialog vart det einigheit om at det kunne vere ei god løysing og overta setra på eit avgiftsfritt feste, slik vilkåra i vedtaket frå 2019 skisserar. Dette kan gje tid til å vurdere eignaheita, og moglegheitene for å nytte bygninga i samband med seter og/eller beitebruk. Dersom ein finn det aktuelt, kan ein søknad om omdisponering til seter fremjast for fjellstyret ved seinare høve.

Sakshandsamar skisserte vidare saksgang gjennom klagehandsaming, og tok initativ til å ta dialogen med dei andre medlemmane av fellessetra vedrørande det privatrettslege oppgjeret.

Klagefristen er formelt ute, men i ljøs av dei nye opplysningane som har kome fram i saka bør fjellstyret ta saka til behandling.

Dei to andre medlemmane har pr. 11.12. gjeve muntleg melding til administrasjonen om at Horten kan overta bygningane, etter vilkåra gjeve i sak 33/2019, for kr. 1. Per Tore Berg har 12. desember lagt fram dokumentasjon på at har solgt sin andel i fellessetra til Horten.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret opphevar vedtaket om riving av fellesetra i sak 31/2023, som var gjort i møte den 24. oktober 2023.

Fjellstyret syner til at det nå, i tråd med vilkåra i vedtaket i sak 33/2019, er einigheit mellom medlemmane om kven som skal overta seterhuset, og tilrår at eigar av Horten gnr. 127, bnr. 6 får overta fellesetra på eit avgiftsfritt feste knytt til garden.

Fjellstyret tilrår at eigarskapet for brua over Leira blir overført til DNT Oslo og omegn.

Gjerdet som tilhøyrrer setra må settast i forsvarleg stand innan 20. juni, alternativt kan det fjernast.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF
- Helene og Eivin Horten
- Sigurd Welve
- Per Tore Berg